



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Paal Christopher Breivik, 5557 2024

Vår dato  
10.12.2014  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/13886 632.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Førebels tildelingsbrev om statleg tilskott 2015 - Opplæring innanfor kriminalomsorga.**

Vi viser til avtalen frå 23.06.88 mellom fylkeskommunane og staten ved Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet om statleg tilskott til dekning av driftsutgifter i fengselsundervisninga.

#### **Framlegg til budsjett**

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett for 2015 for opplæring innanfor kriminalomsorga på 256, 167 mill. kroner. Departementet gjer framlegg om at løyvinga blir ført vidare på same nivå som i 2014 med øyremerking av 1,4 mill. kroner i samband med nye fengsel plassar.

Budsjettforslaget har følgjande tekst:

*«Skolane arbeider med å leggje til rette for opplæring av og rådgiving til innsette med korte dommar. Det skjer ved realkompetansevurdering, korte arbeidskvalifiserande kurs, rådgiving og planlegging av utdanning etter avslutta soning. For å få ei betre oppfølging av straffedømde etter avslutta soning er prosjektet Tilbakeføring gjennom arbeid, fritid og utdanning (TAFU) prøvt ut i Rogaland og Troms sidan 2009. Prosjektet har vore under leiing av Fylkesmannen i Hordaland. Dette er eit samarbeid mellom utdanningsstyresmaktene, kriminalomsorga, Nav, kommunane og frivillige organisasjonar. Med bakgrunn i evalueringsrapporten og erfaringar har Kunnskapsdepartementet i samarbeid med Justis- og beredskapsdepartementet og Arbeids- og sosialdepartementet komme til at TAFU Rogaland skal førast vidare som eit permanent tiltak frå og med 2015, medan TAFU Troms avsluttast ved utgangen av prosjektperioden 2014. Det er sett ned ei arbeidsgruppe som skal utarbeide eit forslag til organisering av TAFU ved eventuelle utvidingar. Arbeidsgruppa blir leidd av Arbeids- og velferdsdirektoratet.»*

Denne ramma skal dekkje 80 % av godkjende utgifter for 2015 slik at det blir utbetalt 7/12 av 80% for vårhalvåret og 5/12 av 80% for hausthalvåret. Ramma skal også dekkje 20% av godkjende utgifter for 2014 utbetalt i vårhalvåret 2015. I tillegg er foreløpige signal at budsjettet skal dekke omkostningar med opplæring ved ND sentra (i Bergen og Oslo) og TAFU i Rogaland

#### **Mål for 2015**

Som mål for opplæring innanfor kriminalomsorga la regjeringa fram følgjande:

«Målet for tilskottsordninga er å medverke med finansiering til fylkeskommunane slik at det blir gitt opplæring til innsette og lauslatne som har begynt på opplæring under soning, og som har rett til grunnskole- eller vidaregåande opplæring, eventuelt plikt til grunnskoleopplæring. For å motivere flest mogleg til å ta opplæring, også dei som har kort soningstid eller sit i varetekt, er det eit mål at det også blir gitt kortare kurs. Kursa skal i størst mogleg grad ta utgangspunkt i kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar. Det er vidare eit mål å leggje til rette for god opplæring i dei einingane for soning for barn og unge som er etablerte som forsøk.» (Prop. 1 S (2014-2015). Det kongelege kunnskapsdepartementet).

### **Tildelingskriterier**

I tråd med avtale mellom staten og kvar enkelt fylkeskommune av 23. juni 1988, og i samsvar med *Retningslinjer for forvaltning av tilskudd til opplæring innanfor kriminalomsorgen under statsbudsjettet kap. 225 post 68* og i samarbeid med kriminalomsorga, skal tilskottet nyttast av fylkeskommunen til opplæring innanfor kriminalomsorga. Med dette er meint driftsutgifter og etter søknad midlar til førstegongsinnkjøp av undervisningsutstyr (investeringssutgifter).

Fordelinga av løyvinga mellom fylkeskommunane blir fastsett på grunnlag av budsjettframlegg frå fylkeskommunane. Det må gjerast greie for type innsette (tal rettselevar, kjønnsfordeling blant dei innsette) type tilbod som blir gitt, soningslengda til dei innsette, tilbodet i anstaltar med låg grad av tryggleik, oppfølgingsklassar og etablering av nye anstaltar.

Koordineringsgruppa for opplæring innanfor kriminalomsorga har drøfta framlegg til fordeling.

### **Kriterier for måloppnåing**

Kriterium:

- Innsette og frigjevne som får tilbod om grunnskoleopplæring eller vidaregåande opplæring. Opplysningar som skal hentast inn for å vise måloppnåing i høve til kriteriet:
  - tal elevplassar
  - tal elevar
  - tal innsette
  - tal anstaltar som gir opplæring
  - tal oppfølgingsklasser
  - tal avlagde eksamenar/kompetansebevis/realkompetansevurderingar/tal inngåtte lærekontraktar/tal fagprøver/tal kurs
- Innsette og frigjevne som får tilbod om kortare kurs med ei primær målsetjing om kurs eller delkurs som kan knyttast til kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar. Opplysningar som skal hentast inn for å vise måloppnåing i høve til kriteriet:

- tal innsette og frigjevne som får tilbod om kurs eller delkurs som kan knyttast til kompetansemål frå Læreplanverket for Kunnskapsløftet og opplæring i grunnleggjande dugleikar.

Fylkesmannen vil sjå tildelingskriteria i samanheng med mål for opplæringa og oppnådde resultat gjennom rapportering. Ein finn meir informasjon om rapporteringa hos Fylkesmannen i Hordaland (<http://fylkesmannen.no/nb/Hordaland/Barnehage-og-opplaring/Oplaring-innen-kriminalomsorgen/Styring-av-området1/Rapportering-2014/>). Elles viser vi til tilsendte e-postar til rapportørane med instruksjon og brukarnamn for rapportering.

### **Relaterte dokument**

For meir utførelg omtale vil Fylkesmannen i Hordaland gjera merksam på kap 225 post 68 ”Tilskott til opplæring i kriminalomsorga” i Prp. 1S (2014-2015) frå Kunnskapsdepartementet (s.54 og s.59 -60). Fylkesmannen i Hordaland vil også vise til Prp. 1S, 2014-2015 frå Justis- og beredskapsdepartementet Programkategori 06.30 Kriminalomsorg (s.51 -66).

### **Fylkeskommunen sitt ansvar**

Fylkeskommunen har fagleg og administrativt ansvar for opplæringa innanfor kriminalomsorga. Dette ansvaret må gjennomførast i nært samarbeid med kriminalomsorga. Retningslinene for «opplæring innanfor kriminalomsorga» legg føringar arbeidet. Fylkeskommunen har og eit særleg ansvar for følgjande (St.meld.nr.27, 2004-2005 og frå komiteen (Innst.196, 2004-2005):

- Det må leggjast vekt på god informasjon om opplæringstilboda for å nå alle innsette.
- Innsette med rett og plikt til grunnskoleopplæring og innsette med rett til vidaregåande opplæring skal ha førsteprioritet.
- Unge i fengsel må prioriterast med tanke på motivasjon, tilpassa opplæring og opplæringsplanar.
- Fylkeskommunen må syte for at dei tilboda som blir gitt, er i samsvar med innsette sine ønske og behov. Fylkeskommunen må leggje til rette for at opplæringa i større grad skal tilby heile eller delar av yrkesfagleg opplæring.
- At det gjennom rådgjeving blir lagt til rette for den enkelte elev/deltakar.
- Opplæringa må organiserast slik at retten til tilpassa opplæring blir ivaretatt.
- Realkompetansevurdering er ein rett jf Opplæringslova, og er eit viktig verkty for å gje den innsette ein målretta og tilpassa plan for opplæringa, og bør difor nyttast i større grad.
- Der det er oppfølgingsklassar må dei vere ein del av det samla tilbodet ved skolen og tilboda må tilpassast den enkelte.
- Det bør utarbeidast lokale samarbeidsplanar, jf Rundskriv G-1/2008 «*Rundskriv om forvaltningssamarbeid mellom opplæringssektoren og kriminalomsorgen*».

### **Utfordringar innan opplæring i kriminalomsorga 2015**

Ei viktig kjelde til kunnskap og korrigerering for fylkeskommunane sitt arbeid i opplæring innan kriminalomsorga finn ein i dei årlege tilstandsrapportane frå Fylkesmannen i Hordaland. Det er ein lett tilgjengelig database som kan nyttast til analyse av eiga verksemd ([http://fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Oppl%c3%a6ring%20innanfor%20kriminalomsorga/Rapportering/Visualisering/Dashboard\\_2013\\_1.html](http://fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMHO/Oppl%c3%a6ring%20innanfor%20kriminalomsorga/Rapportering/Visualisering/Dashboard_2013_1.html)).

Fylkesmannen i Hordaland har publisert ei rekkje med rapportar utarbeidd av forskargruppa ved Universitetet i Bergen. Dei har ansvaret for kartleggingane av innsette i norske fengsel. Rapportane frå 2012 kartlegginga er publisert her:

<http://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Barnehage-og-opplaring/Opplaring-innan-kriminalomsorga/Forsking-og-rapportar1/Anna-forsking-og-rapportar/Norske-rapportar-og-forsking/>. Tilrådingane frå forskarane kan vere av interesse og inspirasjon for arbeidet med opplæring innanfor kriminalomsorga.

Forskarane har sidan tidleg 2000 talet påpeikt skilnadene mellom opplæringsynskje blant innsette og opplæringstilbod. Tilstandsrapportane frå Fylkesmannen i Hordaland visar at denne skilnaden minkar. Det er bra at skolane nå tilbyr i større grad yrkesretta opplæring. Vidare vil vi oppmoda skolane saman med kriminalomsorga å ta tak i forslaga som venteleg blir lagt fram i «Ny strategisk plan for arbeidsdrifta i kriminalomsorga» rundt årsskifte 2014/2015. Det er venta at planen legg opp til meir samarbeid mellom skole og arbeidsdrift.

Andre funn frå kartleggingane syner at mange med rett til opplæring ikkje vel opplæring. Anslag visar at om lag 10 % av innsette har rett på opplæring, men deltar ikkje i opplæringa. Dette kan ha mange årsakar, men nokre funn tyder på at informasjon om opplæringa til innsette ikkje er god nok. Om opplæringa i kriminalomsorga følgjer det tradisjonelle skoleåret kan det føre til mangel på kontinuitet for elevane og at ein del innsette ikkje får tilbod om opplæring i tråd med rettane sine. Det kan difor vere tenleg å kunne gje tilbod om opplæring uavhengig av skoleåret.

Kriminalomsorgsdirektoratet har hausten 2014 bestemt at alle einingar med IFI (internett for innsette) skal konverterast til DFS (Desktopp for skulen) i 2015. Dette betyr at skolane må førebu ei slik konvertering. Det vil mellom anna vere naudsynt å gå til innkjøp at IKT utstyr godkjend av kriminalomsorga. Fylkesmannen i Hordaland vil saman med Kriminalomsorgsdirektoratet informere fortløpande omkring konsekvensane av ei slik konvertering.

Fylkesmannen i Hordaland får signal om ulike planar for kapasitetsutvidingar innanfor kriminalomsorga. Det kvilar eit ansvar for fylkeskommunen å gå i aktiv dialog med kriminalomsorga når slike planar skal konkretiserast. Det er viktig at spørsmål kring opplæring ved kapasitetsutvidingar blir drøfta så tidleg som mogleg.

### **Fylkeskommunen sin plan for opplæring innanfor kriminalomsorga**

Fylkesmannen i Hordaland oppfordrar dei fylkeskommunane som ikkje alt har laga ei plan for opplæring innanfor kriminalomsorga å gjere det. Fylkeskommunen bør ha med samarbeidspartnarar frå dei aktuelle skolane, kriminalomsorga (lokalt og regionalt), NAV og eventuelt andre aktuelle samarbeidspartar. Planen bør byggje på mellom anna St.meld.nr. 27 (2004-2005), Innst. 196. (2004-2005) og andre relevante dokument, som til dømes dei årlege rapportane frå Fylkesmannen i Hordaland og kartleggingane av fangebefolkninga utført av UIB (vi viser mellom anna til fylkesplanar frå fleire fylke på nettstaden vår:

<http://fylkesmannen.no/Hordaland/Barnehage-og-opplaring/Opplaring-innan-kriminalomsorga/Styring-av-området1/Fylkesplanar/>).

## Eit mål på ressursbruk

Ei førebels tildeling på kr 30 398508,- vil i gjennomsnitt gje kr 87 857,- per soningsplass i fylket (tal på soningsplassar registrert i okt. 2014) og kr 122 082,- per registrerte elev/deltakar i fylket (gjennomsnitt av fire ulike teljedatoar i rapporteringa for 2013). Gjennomsnittet for heile landet er kr 69 271,- delt på tal soningsplassar og 118 653,- delt på registrert elev/deltakar.

Hordaland fylkeskommune hadde i gjennomsnitt gjennom året 0,72 elevar/deltakarar per soningsplass i 2013. Gjennomsnittet i landet sett under eitt er 0,58 elevar per soningsplass (elevar talt som gjennomsnitt av fire teljedatoar (heiltid + deltid)).

## Førebels tildeling

Fylkesmannen i Hordaland vil understreke at den enkelte fylkeskommune ikkje kan ta midlar frå kap 225 post 68 til eigen administrasjon av dette øymerka tilskottet. Det er fylkeskommunen som er fagleg og administrativt ansvarleg for opplæring i fengsel og dette er ein del av fylkeskommunen sitt generelle ansvar, jf Opplæringslova § 13-3 og § 13-10, 1. lekk. Målgruppa for tilskottsordninga er: «... *innsatte i fengsel, løslatte med møteplikt hos Kriminalomsorg i frihet (også kalt friomsorgen) og løslatte som ikke er under tilsyn, dersom det gjelder fortløpende fullføring av opplæringsenhet som er påbegynt under sonin.*» jf pkt. 1.3 i Tilskudd til opplæring innenfor kriminalomsorgen, kap 225 post 68.

Som del av det nasjonale ansvaret for opplæring innan kriminalomsorga vil Fylkesmannen i Hordaland, mellom anna i samråd med koordineringsgruppa, disponere tilskottsmidlar til følgjande:

- oppretthalde og utvikle fagleg nettverk i opplæring innanfor kriminalomsorga. Dette nettverket bidrar som ei støtte og inspirasjon for skolane og lærarane som arbeider innan fagområdet. Nettverket har fokus på dei utfordringane og moglegheitene som er innan området.
- nasjonal rettleiar innan ikt. Nasjonal rettleiar er bindeleddet mellom Fylkesmannen i Hordaland, kriminalomsorga og skolane. Rettleiaren arbeider særskilt med IFI/DFS.
- fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid særskilt for fagfeltet. Dette arbeidet er mellom anna tufta på eit årelangt fou-samarbeid med Universitetet i Bergen.

Med atterhald om Stortinget si endelege godkjenning av statsbudsjettet, godkjenner Fylkesmannen i Hordaland førebels dei samla driftsutgiftene til opplæring innanfor kriminalomsorga i Hordaland fylkeskommune for 2015 med i alt kr. 30 398508,-. Dette er eit generelt påslag på 2,7 % på tilskottet for 2014. I samsvar med Prop. 1 S (2014 - 2015) har Hordaland Fylkeskommune fått eit påslag på kr 195 120,- til å etablere opplæring i samband med nye soningsplassar. Ein vil gjera merksam på at Hordaland fylkeskommune frå og med 2012 (revidert nasjonalbudsjett) fekk eit tilskott på 2 mill kr til prosjekt ungdomseining. Frå og med 2013 vart dette tilskottet eit generelt påslag i hoveddramma til Hordaland Fylkeskommune. For 2015 må ein difor forstå det slik at i tilskottet til Hordaland fylkeskommune vil det vere omlag 2,196 mill kr til ungdomseininga.

Tildelinga blir gitt som ei rammeløyving som Hordaland fylkeskommune må halde seg innanfor. Opplæringstilboda må planleggast innanfor dei gitte rammene. Fylkesmannen i Hordaland gjer særleg merksam på at dersom verksemda overstig den tildelte ressursramma for driftsåret 2015, må fylkeskommunen sjølv bere meirutgifta. Planlegging for

2015 må skje i samarbeid med region- og kriminalomsorgsleiinga ved den enkelte anstalt i fylket.

Tildelinga er førebels. Hordaland fylkeskommune må leggje fram eit forslag til disponering **innan 20.01.2015** i høve til dei rammene som er gitt. I framlegget til fordeling må det gå fram korleis budsjettet er fordelt på skolane ved dei ulike anstaltane/oppfølgingsklassene, kven som har vore med i fordelingsprosessen og kva slags undervisningstilbod ein reknar med å gjennomføre.

Med utgangspunkt i fylkeskommunen sitt framlegg til fordeling av den førebels tildelte ramma, vil Fylkesmannen i Hordaland koma med endeleg tilskott i tilskottsbrev i februar 2015.

Med helsing

Anne K. Hjermann  
utdanningsdirektør

Paal Christopher Breivik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Utdanningsdirektoratet	Postboks 9359 Grønland	0135	OSLO
Kriminalomsorgen region vest	Dokumentsenter, Postboks 694	4305	SANDNES
Kriminalomsorgsdirektoratet	Postboks 344	2001	LILLESTRØM